



Masfjorden kommune

Sandnes skule



Synfaring ved Sandnes skule måndag 06.02.2023

Etter initiativ frå teknisk sjef, Roald Kvingedal, møtte desse frå Sandnes skule:

Amalie L Fjellby, elevrådsleiar, Merete M Hope, AT Fagforbundet, Randi Kjøsnes, AT Utdanningsforbundet, Renee Kårtveit, undervisningsinspektør, Britt Rød, rektor og Cato Eide, FAU.

Bakgrunn for synfaringa:

Formannskapet i Masfjorden har i møte den 05. desember gjort følgjande vedtak i B-sak 003/2022-

Sak om utemiljø og støy ved Sandnes skule:

*Det vert gjort følgjande tiltak for å redusere konflikt mot naboeigedomen gnr. 31 bnr 58.
2. Dei to leikehyttene vert flytta vekk frå grøntområdet og etablert inne på eigna stad på det regulerte skuleområdet.*

Oppdrag:

Koma med innspel til kvar dei to leikehyttene skal etablerast på det regulerte skuleområdet.

Desse forslaga vart spela inn:

1. Ei av hyttene vert flytta i flukt med amfiet/sandkassa. Forslaget er teikna inn på kartet. Sjå vedlegg.
Grunngjeving: Dette er ei etablert leikesone for dei yngste elevane ved skulen. Leik i og rundt hyttene er ofte knytt til leik i og rundt sandkassa.
2. Den andre hytta vert flytta til skuleplassen tett ved mur/sjakktrutene. Hytta må plasserast med dørøpninga mot skuleplassen. Forslaget er teikna inn på kartet. Sjå vedlegg.
Grunngjeving: I grøntområdet ved flaggstonga er også ei leikesone mange elevar trivst med å utfalde seg i.

Eit tredje alternativ vart diskutert; eit område tett ved Tarzan-bana. Dette forslaget vart avvist.

Sandnes skule, 07.02.2023

Britt Rød
Rektor Sandnes skule



Masfjorden kommune
Sandnes skule



POSTADRESSE:
Austfjordvegen 2634
5981 Masfjordnes

E-post:
sandnes.sk@masfjorden.kommune.no

TELEFON
56 16 63 60

Faks:
56 16 63 61